



Referat FAU-møte 29.01.25

Tilstades:

Regine Tjøland (vara), Gunn Årdal (vara), Elena M Sikveland, Silje Taksdal (m/kid), Øyvind Søyland, Knut Undheim, Gerd Rusdal.

Forfall: Borghild Bjørkmo. Bodil Hobberstad Knutsen.

Godkjenning av innkalling og referat

OK. Enkelte får ikkje fram innkalling som .jpeg-fil.

Sak 15/24-25 Elevundersøking haust-24

- Får ikkje mobbetal (verken skuleleiing eller foreldre) sidan skulen er så liten/'gjennomsiktig'. Gjennomgåande nedgang i mobbetal i Timeskulen. Rektor sitt inntrykk er like mykje utfordringar med skulemiljø på Undheim som andre skular.
- Gjennomgåande trend med mindre motiverte elevar – lågare tal enn andre skular i Time. Mantra frå skulen si side; 'Kom i gang, hald ut, gjennomfør'. Tema for foreldremøte? Innspel frå elevane har vore 'nettvett'.

Sak 16/24-25 Nasjonale prøvar 5. trinn

- Måling på kva elevane har lært dei fire første åra.
- Ein har sett resultat noko i underkant av snittet over fleire år. Dette kan nok ha samansette årsaker, men ustabilitet på personalsida og suboptimalt læringsmiljø inntil relativt nyleg har sjølv sagt ikkje vore gunstig. FAU er spente på utviklinga dei nærmaste åra.

Sak 17/24-25 Evaluering julefestar

- FAU: Vel gjennomført. Bør vera 10-14 personar i dugnadsgjengen, FAU-rep + 1 til frå kvart trinn. Ca 130 på eldrefesten. 200 på foreldrefesten. Ca kr 10.000 i netto (handla for 12,5).
Fortsatt ynskje frå FAU om klassevise innslag der alle elevar bidreg.
Oppfordrar til kortare konsise innslag framfor dryge drama.
Prosedyre for pizza til to klassar som vant; foreldrekontakt kontaktar kontaktlærar og avtaler tid/stad/anledning.
NB: Innkalling til julefest frå FAU inkl info om dugnad.
- Lærarane: Godt organisert. Begrensa visse innslag. Kontrollera i overkant rastause/mobile elevar. Mykje jobb på få lærarar. Dørvakt til scenen? Flytta fram èi veke? (Avh av UST.)

Sak 9/24-25 Innkomne saker

- Symjeundervisning: Time kommune har så langt ikkje presentert noko alternativ til symjeundervisning i Sivdammen helsebasseng som er stengt for rehabilitering i alle fall fram til påsken-25.
- Hærverk: Fleire saker med knusing, innbrot og tilgrising. Skulen melder sakene til politiet, kjenner identiteten til i alle fall tre gjerningspersonar. FAU meiner alvorret i slike handlingar bør vera tema i alle heimar.
- 17. mai-ansvar flyttast ned til 6. klasse? Sonderer kva saksgang som krevst for å avklara dette spørsmålet – nytt allmøte?

Neste FAU-møte onsdag 19.03.25.

Referent
Knut Undheim